



PETROLEUMSTILSYNET

Statoil Petroleum AS

4035 Stavanger

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2014/720/TES

Dato
18.11.2014

Samtykke til bruk av Tune og Tune Sør utover opprinneleg levetid

Vi viser til dykkar søknad om samtykke datert 3.6.2014 til forlenga drift av Tune og Tune sør undervassanlegg, rørleidningar og kontrollkabler der de søker om forlenga levetid til 2020.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og enkelte landanlegg (styringsforskrifta) § 25 bokstav d, får de samtykke til forlenga drift av Tune og Tune Sør fram til utløp av lisensperioden 14.11.2020.

Samtykket blir gitt blant annet på bakgrunn av dokumentasjon innsendt i forbindelse med søknaden og gjennomførte møter i forkant av og etter innsending av søknad.

Behandlinga av søknaden om samtykke blir koordinert av oss, jf. styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden framlagt Miljødirektoratet (MD). MD sine kommentarer og vilkår framgår av vedlagde brev.

Vedtaket kan påklagast etter § 28 i forvaltningslova. Fristen er tre veker frå mottak av dette brevet. Klagen skal sendast til oss. Nærmare opplysningar om klagerett kan ein få ved å kontakte oss.

Vedtaket om samtykke skal gjerast kjend for verneombod og arbeidstakarane sine representantar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med helsing

Kjell Marius Auflem e.f.
tilsynskoordinator

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur

Vedlegg: 1

Kopi:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Oljedirektoratet	Postboks 600	4003	STAVANGER